

REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

**Del av gnr 76 bnr 1 og 2, og gnr 73, 75 og 77, Ålvik, Kvam herad
DAMVEGEN**

FORSLAGSSTILLAR:

Damvegen v/Johannes I.Vedå

Sakshandsaming jf. Plan og bygningslova	Dato	Saksnr	Signatur
Kunngjering av oppstart på planarbeid i BT og HF	30.07.07		TIB
Stadfesting av konsekvensutgreiing av detaljplan i NPB-utvalet	10.09.08	048/08	TRUBUE
Offentleg ettersyn planprogram frå 23.12.08 til 16.02.09			TIB
Stadfesting av planprogram i NPB-utvalet	30.09.09	102/09	HEIORJ
Offentleg ettersyn endre planprogram frå 23.10.09 – 04.12.09			TIB
1.gongshandsama i NPB-utvalet	28.03.12	033/12	HEIORJ
Offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 17.04.12 – 01.06.12			HEIORJ
Meklingsmøte ang. motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland	24.09.13		HEIORJ
2.gongshandsama i NPB-utvalet	19.03.14	012/14	LEIKAA
Vedtak i Kvam heradsstyre.	08.04.14	014/14	LEIKAA
Kunngjering av vedtak	06.06.14		LEIKAA
I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova. Planen er vedteken 08.04.14 Sign. <i>Johannes I. Vedå</i>			


PlanID: 20090008
Arkivsaknr: 07/1954

1.1 Plandokument

Reguleringsplan er heimla i plan- og bygningslova, kapittel 12, og inneheld desse føresegnene og plankart. Føresegnene gjeld innafør ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter. Etter at denne reguleringsplanen er stadfesta, kan det ikkje inngåast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

1.2 Føremål med planen

Føremål med reguleringsplanen er å utarbeida ein vegtrasé frå Ålvik til fjellområda over. Planframlegget omfattar eit 112 daa stort område mellom Ytre Ålvik og Ålvik i Kvam herad. Vegen går frå Fv. 7 ved Vikedal til tregrensa, 590 m.o.h. Dei første 1276 meter av vegen omfattar opprusting av eksisterande traktorveg, medan det vidare er planlagd 3250 meter ny veg til tregrensa. Det er regulert parkeringsplassar i enden av vegen og en turveg opp til 650 moh.

1.3 Planområdet

Det regulerte området er vist på plankartet med reguleringsgrense. Reguleringsplanen er i målestokk 1:2000. Plankartet har 1 og 5 meters ekvidistans. Området er på 112 daa og vert regulert til følgjande føremål:

FØREMÅL jf. PBL § 12-5

SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- 2011 Køyreveg
- 2019 Anna veggrunn - grøntareal
- 2025 Haldeplass/ plattform
- 2080 Parkeringsplassar

GRØNTSTRUKTUR

- 3031 Turveg

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL SAMT REINDRIFT

- 5900 LNFR-føremål kombinert med andre nemnde hovudføremål – anna veggrunn

OMSYNSONER jf. PBL § 12-6

FARESONE

- 310 Ras- og skredfare
- 370 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)

SIKRINGSONE

- 140 Frisikt

1.4 Fellesføresegn

Føresegnene gjeld innafor ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Kvam herad. Etter at denne reguleringsplanen er stadfesta, kan det ikkje inngåast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

1.4.1 Veg og tilgrensande område

Vegen skal vere privat. Før det kan gjevast løyve til igangsetjing av bygging, skal det tinglysast vegrett for ålmenta på regulert køyreveg og parkeringsplassar.

Terrenginngrep i samband med veganlegg skal skje mest mogleg skånsamt. Vegskjeringar, fyllingar og grøfter skal avrundast og tilpassast tilgrensande terreng, og få ei utforming som tilrettelegg for maskinell kantslått. Fylling og grøft mot landbruksareal skal ha ei utforming som legg til rette for maskinell innhausting. Alle eksisterande vegar og stiar skal koplast til den nye veggen på eit lagleg vis. Det skal nyttast knust grus til slitelaget på veggen. Fyllingsfot skal fundamenterast, og det skal nyttast ordna skråning/maskinmur der sideskråninga overstig 50 %. Der skjeringsskråninga består av lausmassar som det er fare for vil rasa ut, må skråninga sikrast med forstøtningsmur.

Lengdeprofilen på veggen skal følgjast. Ein kan til ein viss grad godtaka at veggen vert flytta sidevegs for å få ein best mogeleg massebalanse og betre fundament for veggen. Dette skal ikkje gå ut over standarden på veggen. Mogelege masseuttak utanfor veggen skal takast etter samråd med grunneigarar og tilsynsmann for veganlegget. Det må leggest romslege kummar framfor alle stikkrenner, min. 1x1 meter og min. 0,5 meter under inntaket.

(Viser til kjelde: vegplanleggjar Ottar Haugen)

1.4.2 Rydding og planting etter anleggsperiode

Etter anleggsperioden skal terrenget rundt vegtraseen ryddast og utarbeidast på eit tiltalende vis. Eventuell planting må førekome der mykje skog er fjerna. Mogelege massetak skal slettast og avfall/restar planerast/pakkast inntil fyllingar. Alle jordmassar som vert greve opp under vegarbeidet skal planerast utover fyllingsskråningar og då i fyrste rekkje der det er steinfyllingar.

1.4.3 Avkøyring

Den nye vegtraseen er kopla på Fv. 7 i eksisterande kryss i Vikedal. Avkøyringa vil følgje Vegvesenet sine krav.

1.4.4 Handtering av overflatevatn

Det skal tilretteleggjast slik at eksisterande elvar og bekkeløp skal renne slik dei gjer i dag. Stikkrenner skal vere dimensjonert for forventta nedbørsmengd. Tilsynet til veg må sikrast slik at alle kummar vert reinska og vedlikehald på veggen prioritert.

1.4.5 Mellombels anlegg

Mellombels eller transportable bygningar/ konstruksjonar/anlegg må ikkje plasserast slik at dei er til hinder for allmenn ferdsel eller friluftsliv eller fører til vesentlege ulemper for omgjevnadane, jf. PBL § 30-5.

1.4.6 Presisering av kulturminnelova

Om det kjem fram gjenstandar eller konstruksjonar i samband med graving, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding slik at det kan gjennomførast gransking på staden, jf. PBL § 12-7, nr.6.

1.5 Føremål jf.§12-5

1.5.1 Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur (jf. PBL § 12-5, nr.2)

1.5.1.1 Køyreveg

(sosi-kode 2011)

Omfattar Fv. 7 og avkøyring Damvegen/Vikedal.

Vegen skal vere dimensjonert som skogsbilveg klasse 4. Minste tillatne vegbreidd er på 4 meter, skulderbreidd på 1 meter på kvar side, og minste kurveradius på 10 meter. Maksimal stigning er 15 %, men over korte stykke kan vegen ha ei stigning på 16 %. Vegen vil verte sikra med autovern på utsette område. Vegen skal ikkje vinterbrøytast. Vegen er ein privat veg.

1.5.1.2 Anna veggrunn – grøntareal

(sosi-kode 2019)

Dette arealet ligg i frisiktsona og skal ryddast slik at det alltid er fri sikt.

1.5.1.3 Haldeplass/plattform

(sosi-kode 2025)

Eksisterande busslomme/haldeplass ved Fv. 7.

1.5.1.4 Parkeringsplassar

(sosi-kode 2080)

Det vert regulert 18 parkeringsplassar for personbilar på Geithaug. 2 er avsett til HC-parkering. Parkeringsplassen er privat.

1.5.2 Grøntstruktur (jf. PBL § 12-5, nr. 3)

1.5.2.1 Turveg

(sosi-kode 3031)

Turvegen går frå parkeringsplassen og opp til kote 650 moh. Turvegen er regulert til 2,5 m breidde og kan ha grusdekke. Turvegen er privat.

1.5.2 Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (jf. PBL § 12-5, nr.5)

1.5.2.1 LNFR-føremål kombinert med andre nemnde hovudføremål – anna veggrunn

(sosi-kode 5900)

Arealet skal nyttast til å plassere vegen best mogeleg i terrenget og til skjering og fylling. Areal som ikkje vert nytta til vegareal skal bevare sitt opphavlege preg.

1.6 Omsynsoner jf.§ 12-6

1.6.1 Faresoner

1.6.1.1 Ras- og skredfare

(sosi-kode 310)

Området er fareområde for rasfare. Veggen skal sikrast med geotekniske tiltak. Ved søknad om løyve til tiltak skal geoteknisk prosjektering inngå.

1.6.1.2 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)

(sosi-kode 370)

BKK Nett eig og driv ei 132 kV høgspenningline i planområdet. Veggen kjem til å gå under denne. Høgspenninglina med 30 meters buffersone vil verte merkt i kartet som fareområde.

1.6.2 Sikringsoner

1.6.2.1 Frisikt

(sosi-kode 140)

I området skal det vera fri sikt i ei høgd av 0,75 m over tilstøytande veg. Frisiktsona er på 10 x 145 meter.